



## Rundtur Brekkelida

8 km

Tur nr. 10

[www.harpefossen.no/turar](http://www.harpefossen.no/turar)



2 t

**Typisk familietur som kan gjennomførast i all slags vêr, gjerne kombinert med sykkel. Mesteparten av turen går langs den idylliske Trondhjemske Postveg, men med ein fin avstikker rundt Brekkelida der ein har flott utsikt over Hjelmelandsdalen.**

### Stikryss

*Harpefossen / Tippabrua – Harpefossen Hyttegrend – Naustdalssetra – Mørsynnøvebakken – Ljosurbrua – Bjørhovdesetra – Setreelva – Brekkelida – Brekkefoten – Sevlandsetra – Bjørhovdesetra – Ljosurbrua – Mørsynnøvebakken – Naustdalssetra – Harpefossen Hyttegrend – Harpefossen / Tippabrua*

### Turbeskriving

Frå Harpefossen går turen innover postvegen forbi Naustdalsetra og Ljosurbrua til Bjørhovdesetra. Dersom ein har sykkel bør den parkerast ved skiltkrysset på Bjørhovdesetra. Her tek ein til venstre oppover setrevegen, fram til skiltkrysset ved setreelva. Her fortsett ein rett fram på veggen i 250 meter kor løypa fortsett rett fram mens veggen svingar til venstre. Løypa følgjer myra i nedkant 400 meter før ein kjem inn i skogen. Etter 100 meter passerar ein Grovelva og kjem etter kvart ut på nokre opne myrar før ein treff skogbilvegen på høgste punktet i Brekkelida. Her er det god utsikt over Hjelmelandsdalen og ikkje sjeldan treff ein på hjort og orrfugl på denne turen gjennom skogen. Løypa går so 500 meter sørover på skogbilvegen før ein kjem ut på postevegen rett under Brekka. Ein følgjer so postvegen tilbake forbi Sevlandsetra til Bjørhovdesetra.

Turen passer for alle som klarer å ferdes i terrenget og krysse små elvar.

